



Norconsult AS Bergen
Valkendorfs gate 6
5012 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/81 - 15/543

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
23.01.2015

Plan sykkelvegnett Knarvik

Vi synar til bekrefting av oppdraget datert 15.9.2014 og diverse kommunikasjon, både skriftleg og munnleg, seinast møte mellom Rune Kilen og Fritjof Stangnes den 7.1.15 om sykkelprosjekt Lindås.

Det var spesielt 2 punkter som vart diskutert på møtet den 7.1.2015:

- Urimeleg høgt timeforbruk i prosjektet
- Endring av fokus i prosjektet (frå fysiske tiltak til strategibetraktningar) som gjer det vanskeleg å søkje stønadsmidlar.

Timeforbruket

Vi synar til faktura 4456911 med tabell over timefordeling arbeid utført veke 36 – 43 og vil stille spørsmål om nokre timeantal:

- 30 timar som Nina brukte på «Søk og samling etter informasjon og materiale som kan brukes i møte/presentasjon 17/10». Det skulle ikkje vere behov for å sitja i nesten 1 veke for å skaffe desse opplysningane.
- Maria og Daria som har brukt om lag 100 timar på førebuing, synfaring og innhenting av info frå relevante planar osv frå SVV og nabokommunar. Her kunne desse ha spurt Lindås kommune og fått minst like gode opplysningar.
- 20 timar på Trude for å administrere det heile er også mykje.

Aksjon:

På møtet den 7.1.2015 vart vi samde om at Norconsult tar mykje av dette på «eige kappe» og lager ei ny oppstilling med meir edruelege timekalkyler. Lindås kommune vil ut i frå dette ha fastpris arbeidet som er igjen i fase 1 og med utgangspunkt det fylgjande:

Geografiske område

- Hovudfokus på strekninga Knarvik til Alversund (inklusiv boligfeltet på Hilland), med ein spesiell fokus på Knarvik - Isdalstø (Knarvikhøgda). Sykkel mot øst (Mundalsbergtunellen) tek SVV seg av og kjem i fase 2.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733





- Ny revidert rapport med fokus på sykkelvegnettet og med utgangspunkt i den gamle rapporten, utformast som grunnlag for politisk godkjenning og som kan brukast som vedlegg til søknad om stønadsmidlar. (jf brev frå SVVtil kommunar og fylkeskommunar datert 17.11.2014)
- Karta må oppdaterast (digitaliserast)
- Spesiell fokus på Knarvikhøgda (Alver-Knarvik), jf punkt 4.9 i gamle rapport; utvida g/s viadukt Isdalstøbakkane, evt omleggjing (sykkelbru i Isdalstø?).
- Kostadsberekna tilrådde fysiske tiltak i sentrum av Knarvik som kommunen kjem med:
 - o heva gang- og sykkel felt og innstramming av østre innfartskryss til Knarvik senter. Dette er eit viktig mellombels tiltak for å knytte saman sykkelvegnettet frå vest til øst i Knarvik sentrum.
 - o Tiltak for å betre tryggleiken for gåande og syklande frå skuleområdet til Knarvik senter (heva gangfelt i Kvernhusmyrane ?)
- Det vert ikkje søkt om midlar innan fristen 31.1.2014 , då vi ikkje har grunnlag nok for søknaden. Frist for levering av tilbod vet satt til:
torsdag 5.2.2015.

Med helsing

Rune Kilen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Arne Eikefet

Mottakarar:
Norconsult AS Bergen

Valkendorfsgate 6 5012

BERGEN